



HANDLINGSPLAN 2026 – 2027

Vedtatt på ANSAs 70. generalforsamling

Handlingsplan 2026 – 2027

ANSA skal motivere fleire til å velje studium i utlandet og gjere studium i utlandet meir tilgjengeleg

Målgruppe	Handling
ANSA-lag, Hovudstyret og sekretariatet	1. ANSA skal arbeide for å rekruttere potensielle medlemmar. Dette gjelder både elevar og studentar som vurderer å reise utanlands og norske studentar som allereie studerer i utlandet. 2. ANSA skal fortsette satsinga på å nå ut til potensielle utvekslingsstudentar. 3. ANSA skal halde fram med å motivere elevar og studentar til å velje studiar i utlandet gjennom innovativ, målrette og engasjerande innhald i sosiale medium og på nettsida.
Sekretariatet	4. ANSA skal auke satsinga på å nå ut til elevar og studentar i heile Noreg, blant anna gjennom utvikling og oppfølging av ordninga for ANSA-ambassadørar. 5. Studierådgjevar i heile Noreg skal ha kunnskap om ANSA. ANSA skal tilby opplæring om korleis velje studiar i utlandet til relevante rådgivarar og rettleiarar i vidaregåande skule og høgare utdanning. 6. ANSA skal delta på alle utreiseseminara i utdanning- og høgskulesektoren. ANSA skal tilby seminar både for utvekslingsstudentar og for studentar som tek heil grad i utlandet. 7. ANSA skal fokusere på informasjon og aktivitetar retta mot politisk prioriterte land. Organisasjonen skal òg utvikle ei undersøking for å kartlegge dei viktigaste grunnane til at studentar vel andre studieland enn desse. Dette gjeld Panoramaland, Erasmus+, og studium i ikkje-engelskspråklege land.

ANSA skal vere ein trygg og inkluderande organisasjon som tek vare på alle medlemmar og tillitsvalte

Målgruppe	Handling
ANSA-lag, Hovudstyret og sekretariatet	8. ANSA skal vidareføre gjennomgangen av organisasjonsstrukturen, ut frå rammer satt av Hovudstyret. Utvalet skal ivareta ein heilskapleg, gjennomgåande og breitt forankra prosess ved å sikre tilstrekkeleg grunnlag for moglege endringar i organisasjonen, og presentere framgangen i arbeidets prosess og konklusjon på GF 2027.

	9. Alle tillitsvalde skal få tilbud om opplæring og benytte Slack som digitalt verktøy for intern kommunikasjon, samstundes som ANSA utviklar og tek i bruk digitale løysingar for opplæring innan verv, beredskap og trygg organisasjonskultur. 10. Alle tillitsvalte skal få tilbud om opplæring og vere godt kjente med ANSA sine beredskaps og varslingsrutinar. Det skal vere lett for alle i organisasjonen å melde frå om uønskt åtferd, samt nå fram til ANSA sentralt i krisesituasjonar. 11. ANSA skal utvikle medlemsgodar i samarbeid med dei tillitsvalte. 12. ANSA skal fremme ein brei variasjon av arrangement, inkludert helsefremjande og alkoholfri aktivitet, og samstundes styrkje miljømedvitet i organisasjonen. Arbeidet skal synleggjerast i landrapportane. 13. ANSA skal løfte fram gode døme frå tilsette og tillitsvalde på klima- og miljøvennlege val. ANSA skal òg innføre ein pris for lokallag eller ANSA-land som utmerkar seg med særleg høgt klima- og miljøengasjement, til dømes «Årets grønne ANSA-lag». 14. Alle ANSA-arrangement skal som hovudregel inkludere vegetarisk eller vegansk servering, i tråd med retningslinjene for tillitsvalde. 15. ANSA lag og sekretariatet skal oppmuntrast til å samarbeide om å lage buddy/introduksjons-program for nye studentar til eit studiestad. 16. Det skal etterstrebjes berekraftig økonomisk drift i alle ledd av organisasjonen. ANSA sentralt skal bygge opp en berekraftig egenkapital.
Sekretariatet	17. ANSA skal arbeide vidare for at nynorsk og bokmål skal vere jamstilte i organisasjonen. ANSA skal sikre at informasjon er tilgjengeleg på både bokmål og nynorsk, og ANSA sentralt og tillitsvalde skal oppmodast til å svare på førespurnader på det språket dei er skrivne på. Tillitsvalde skal oppmodast til å bruke språket dei skriv på til vanleg. 18. ANSA skal synleggjere samiske språk og samisk kultur som del av arbeidet for å vere ein inkluderande organisasjon som ivaretek og respekterer ulike etniske grupper blant studentane. 19. ANSA skal ha TRIA-kontaktar i alle verdsdelar med ANSA-land. 20. ANSAs psykologtilbud skal styrkjast, og det skal etableres ein føremålsteneleg ordning knytt til talet på timar per medlem. 21. Alle sentrale ANSA-arrangement skal som hovudregel kun servere kjøttfrie måltid.

	22. Sekretariatet utarbeider et klimaregnskap for ANSAs sentrale virksomhet, samt et overordnet estimat for ANSAs samlede klimaavtrykk som organisasjon. Resultater og eventuelle tiltak legges frem for GF 2027. 23. ANSA-arrangement som tilbyr reisestøtte skal som hovedregel bruke denne både som insentiv for at varierte medlemsgrupper stiller opp, og at klima- og miljøvennlige transportmetoder brukes der det er praktisk mulig. 24. ANSA skal gjennomgå forsikringsavtalen og arbeide for at den skal være konkurransedyktig og det beste alternativet for utenlands- og utvekslingsstudenter.
--	--

ANSA skal fremme verdien av studium i utlandet

Målgruppe	Handling
ANSA-lag, Hovudstyret og sekretariatet	25. ANSA skal tilby nettverksbyggende og karrierefremmande aktiviteter spissa mot studentar med internasjonal kompetanse. 26. ANSA sine karrierearrangement skal ha brei representasjon frå ulike fagfelt. 27. ANSA skal i større grad leggje til rette for at norske studentar i utlandet får kontakt med det lokale samfunnet – både sosialt og profesjonelt. 28. ANSA skal halda fram arbeidet med å byggja opp og vidareutvikla alumni-nettverket i organisasjonen med mål om at det blir eit aktivt og velfungerande nettverk. Sekretariatet skal halda fram arbeidet for å få på plass nødvendige verktøy for at dei tillitsvalde kan drifta nettverket.
Sekretariatet	29. ANSA-logo skal være synleg og ANSA skal krediterast tydeleg i alle medieomtale og ved opptredene. 30. ANSA skal vere synlege og nyanserte i alle saker som gjeld interessene til norske utanlandsstudentar og utanlandsstudentar i Noreg og ha ei tydeleg stemme i mediebildet. 31. Sekretariatet og hovudstyret skal begynne å lage eit forslag til ein ny Goodwill-ordning der samarbeid mellom lokallag frem og den økonomiske støtta aukes til over 20 000.